



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Møterom A, Rådhuset
Dato: 22.09.2015
Tid: 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Arild Iversen	Leiar	KRF
Helge Hamre	Medlem	V
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Margrete Henny Bjerkvik	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FERJELISTA
Jørgen Amdam	Medlem	AP
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Dan Helge Bjørneset	Nestleiar	H

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Ann Britt Våge Fannemel	Dan Helge Bjørneset	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjørgard	Rådmann
Henrik Skovly	Økonomisjef PS 151/15
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef PS 152/15 og OS 105/15
Stian Bjerkvik	Rektor Volda læringscenter OS 105/15
Per Ernst Lundberg	Sakshandsamar PS 150/15

Sakliste

Saksnr	Sak	
PS 148/15	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 149/15	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte	
PS 150/15	Vurdering av lovlegkontroll k-sak 153/14: kommunedelplan E39 Volda-Furene	
PS 151/15	Finansiering ved låneopptak- justering av vedtak	
PS 152/15	Vurdering av kroppsøvingssanlegga for sentrumsskulane	
PS 153/15	Orienteringssaker	
OS 105/15	Behov for fleire mottaksplassar for asylsøkjjarar i region Midt-Noreg	
OS 106/15	Referat frå møte i prosjektgruppa Kommunereform 04.09.2015	
OS 107/15	Referat frå møte i styringsgruppa Mellom bygningane i Volda 10.09.2015	
OS 108/15	Samferdselsalternativ til Ytre Nordfjord og Søre Sunnmøre	
PS 154/15	Vurdering av domstolstrukturen for tingretter og jordskifteretter	
OS 109/15	Helse- og omsorg – tenestetilbod	
OS 111/15	Turnuslege	
OS 110/15	Arbeidsmiljøtiltak	

PS 148/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling:

Dokument utsendt 18.09.2015:

- Krav om at Søre Sunnmøre tingrett vert oppretthalde
- Referat frå møtet i prosjektgruppa Kommunereform 04.09.2015

Dokument utsendt møtedagen:

- Referat frå styringsgruppa Mellom bygningane i Volda 10.09.2015
- Vedlegg til orienteringssak – Krav om at Søre Sunnmøre tingrett vert oppretthalde
- Samferdselsalternativ til Ytre Nordfjord og Søre Sunnmøre

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakliste:

Odd A. Folkestad ynskte ei orientering om helse og omsorg

Rådmannen ynskte at følgjande saker vert sett på saklista:

- Budsjettkontroll, orientering om tertialrapport
- Arbeidsmiljøtiltak
- Mottak av turnuslege

Orientering om budsjettkontroll – tertialrapport i starten av møtet

Økonomisjef Henrik Skovly orienterte om 2. tertialrapport 2015 (budsjettskjema 1A og budsjettskjema 1B).

Røysting:

Innkalling og sakliste, med tillegg frå Odd A. Folkestad og rådmannen, vart samrøystes godkjent.

PS 149/15 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte 08.09.2015, vart samrøystes godkjent.

PS 150/15 Vurdering av lovlegkontroll k-sak 153/14: kommunedelplan E39 Volda-Furene

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Volda kommunestyre tek ikkje sak 153/14 kommunedelplan E 39 Volda- Furene opp til lovlegkontroll etter kommunelova § 59 nr. 2, jfr. 5.*
- 2. Saka vert sendt fylkesmannen i Møre og Romsdal.*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 22.09.2015 til kommunestyret:

- 1. Volda kommunestyre tek ikkje sak 153/14 kommunedelplan E 39 Volda- Furene opp til lovlegkontroll etter kommunelova § 59 nr. 2, jfr. 5.*
- 2. Saka vert sendt fylkesmannen i Møre og Romsdal.*

PS 151/15 Finansiering ved låneopptak- justering av vedtak

Administrasjonen si tilråding:

Lånefinansiering av investeringsprosjekt vert redusert frå kr. 157 027 408 til kr. 130 433 287 (som vist i saksutgreiinga).

Handsaming:

Økonomisjef Henrik Skovly, orienterte formannskapet om saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 22.09.2015 til kommunestyret:

Lånefinansiering av investeringsprosjekt vert redusert frå kr. 157 027 408 til kr. 130 433 287 (som vist i saksutgreiinga).

PS 152/15 Vurdering av kroppøvingsanlegga for sentrumsskulane

Administrasjonen si tilråding:

Administrasjonen si vurdering av kroppøvingsanlegga for sentrumsskulane vert teke til vitende.

Handsaming:

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik orienterte formannskapet om saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 22.09.2015 til kommunestyret:

Administrasjonen si vurdering av kroppøvingsanlegga for sentrumsskulane vert teke til vitende.

PS 153/15 Orienteringssaker

OS 105/15 Behov for fleire mottaksplassar for asylsøkjjarar i region Midt-Noreg

Handsaming:

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik og rektor ved Volda opplæringscenter Stian Bjerkvik, orienterte om saka.

Med bakgrunn i auka elevtal, har opplæringscenteret behov for auka areal (to ordinære og eit større klasserom). Det vert arbeidd med å løyse arealbehovet.

OS 106/15 Referat frå møte i prosjektgruppa Kommunereform 04.09.2015

Det var ingen merknader til orienteringssaka.

OS 107/15 Referat frå møte i styringsgruppa Mellom bygningane i Volda 10.09.2015

Det var ingen merknader til orienteringssaka.

OS 108/15 Samferdselsalternativ til Ytre Nordfjord og Søre Sunnmøre

Det var ingen merknader til orienteringssaka.

PS 154/15 Vurdering av domstolstrukturen for tingretter og jordskifteretter

Handsaming:

Ordføraren orienterte om saka og kom med slikt framlegg:

Formannskapet i Volda, i møte 22.09.2015, sluttar seg til brevet frå ordføraren til justis- og beredskapsminister Anders Anundsen.

Røysting:

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 22.09.2015:

Formannskapet i Volda, i møte 22.09.2015, sluttar seg til brevet frå ordføraren til justis- og beredskapsminister Anders Anundsen.

OS 109/15 Helse- og omsorg - tenestetilbod

Odd A. Folkestad viste til eit brev frå pårørande vedk. tenestetilbodet ved helse- og omsorg. Saka vart i hovudsak handsama i samband med handsaming av sak OS 110/15.

OS 111/15 Turnuslege

Rådmannen orienterte om at Volda kommune har fått førespurnad om å ta i mot medisinsk turnuskandidat. Dette medfører auka kostnader i høve lokale og drift. Formannskapet var samde om å gi positivt attendemelding til fylkeslegen om å ta i mot turnuskandidat.

OS 110/15 Arbeidsmiljøtiltak

Møtet slutt kl 16:10

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
23.09.2015

Sonja Håvik
konsulent